

# WEST SIDE STORY




## JET-GJENGEN:

Riff	ANDREAS KOLSTAD
Tony	ØYSTEIN WIIK
Action	SVEIN TINDBERG
Arab	NILS BERNT OLSEN
Baby John	TERJE BJØRKVOLD
Snowboy	MAGNE LINDHOLM
Gee-tar	BJØRN OLAV BERG
Diesel	HÅVARD ENGELL
Big Deal	PER ARNE SKAR
Graziella	HILDE OLAUSSON
Velma	ANNE-LISE GJØSTØL
Anybodys	RUTH FASTING
Clarice	BENTE WAASTAD

*ANDREAS KOLSTAD kom til Det Norske Teatret i 1975 – rett frå Teaterskolen.*

*(Joda – han er i slekt med Lasse og Henki, han er nevøen deira!) Andreas har vore på ferde over alt i repertoaret på teatret, i små og store roller – m.a. i minimusicalen «Kviskring i vind», som vart ein stor suksess på Scene 2 for ein del år sidan. Frå den siste tida hugsar vi kanskje best Kræsje i «Bonanza Superskip»!*

*ØYSTEIN WIIK er ganske ny i ensemblet på teatret – han kom hit i 1980. Men alt på Teaterskolen viste han at han hørde heime i musikkteatret, med ein gneistrande innsats i «Godspell» (som han seinare tok opp att i Grieghallen i Bergen). Han har fått vere med og oppleve den eventyrlige suksessen med «Piaf», men har den første verkeleg store rolla si her på teatret med Tony!*







*Håvard Engell, Nils Bernt Olsen, Svein Tindberg, Hilde Olausson, Andreas Kolstad, Anne-Lise Gjøstøl, Magne Lindholm og Bente Waastad.*



*Magne Lindholm, Bjørn Olav Berg, Per Arne Skar og Håvard Engell.*



## HAI-GJENGEN:

Bernardo	JACK HANSEN
Maria	ISELIN ALME/TONE RINGEN
Anita	TRINI LUND
Chino	VIDAR WOLD HAAVIK
Pepe	SVENN BERGLUND
Toro	JAN HUSE
Indio	RICHARD BRUNÆS
Anxious	HANS HELLEBOSTAD
Nibbles	EINAR WØHNI
Rosalia	BRIT ELISABETH HAAGENSLI
Consuelo	WENCHE LUND VENAAS
Teresita	KARI HÆG
Francisca	MARIT KOLBRÆK



*TONE RINGEN* kom til teatret frå Operaskolen, og har vore med i ei rad store musicalsuksessar sidan starten i 1970. Ho har òg spela mange ulike roller i repertoaret elles. Best hugsar vi kanskje likevel dei kveldane ho har gitt oss på Scene 2 – «So vandra dei til møte» (1973), «Spurde du meg . . .» (1975) og «Songen frå berget» (1979). Med ei sjeldsynt evne til å tonesetje dikt har ho skapt sin eigen musikalsk-lyriske tradisjon på den vesle scenen.




*TRINI LUND* kom til Det Norske saman med Andreas – frå same klassen på Teaterskolen. Ho har òg fått mange og ulike oppgåver på teatret – frå debuten i Tor Åge Bringsværds «Glasberget» på Scene 2 til «Goya» på Hovudscenen sist haust – ei krevjande rolle som ho forsvarte med temperament, innsikt og innleving. Det er første gongen i ein stor musical – ei ny og spennande utfordring for ei spennande, ung skodespelarinne!





*ISELIN ALME er gjest på Det Norske Teatret. Ho har allereie markert seg som ei seriøst arbeidande ung skodespelarinne – på plater, i ulike framsyningar andre stader – og jamvel i mindre roller her på teatret tidlegare, til dømes i «Kurdarspel» og «Intermezzo». Vi ønskjer henne velkommen blant oss!*




*JACK HANSEN er opphavleg Oslo-gut, men har ikkje tidlegare hatt høve til å vise publikum i heimbyen kva han er god for i ei stor rolle! Andre stader har derimot fått oppleve gneisten, temperamentet, spensten i fleire år allereie! No sist kjem han frå rolla som Bernardo på Svenska Riksteatern – ein prestasjon som gjorde at teatret straks var ute og sikra seg den eminente dansaren til same rolla her. Han har vore inspirerande å ha på huset – profesjonell til yste fingerspiss – og vi er glade og stolte over å kunne presentere han her heime!*




DEI VAKSNE:

Doc           ALF MALLAND  
Schrank      ROY BJØRNSTAD  
Krupke       RAGNAR DYRESEN  
Glad Hand   ØIVIND BLUNCK



*Jack Hansen, Alf Malland, Andreas Kolstad og Per Arne Skar.*



*Andreas Kolstad, Håvard Engell, Bjørn Olav Berg, Ragnar Dyresen, Roy Bjørnstad, Vidar Wold Haavik, Richard Brunæs, Jack Hansen og Hans Hellebostad.*





*Håvard Engell, Andreas Kolstad, Øivind Blunck og Jack Hansen.*



*På golvet Terje Bjørkvold, Per Arne Skar og Bjørn Olav Berg.*



---

# WEST SIDE STORY

Etter ein ide av JEROME ROBBINS  
Dialog: ARTHUR LAURENTS  
Songtekster: STEPHEN SONDHEIM  
Musikk: LEONARD BERNSTEIN  
Omsett av HARTVIG KIRAN  
Regi og koreografi: RUNAR BORGE  
Musikalsk leiing: EGIL MONN-IVERSEN  
Scenografi: PER FJELD  
Kostyme: UNNI WALSTAD  
Regiassistent: SVENN BERGLUND  
Kostymeassistent: LAILA HOLM  
Rekvisittmakar: EGIL AARUM  
Parykkar og masker: DORO WALSTAD  
Lyd: MENY BLOCH  
Repetitør: KARI STOKKE  
Inspisient: EGIL ROLLAND  
Rekvisitør: GERD TODALSHAUG  
Sufflørar: TORILL STEINLEIN og BJØRG CHRISTOPHERSEN

Ein pause

Premiere 8. mai 1982

## I ORKESTRET:

Rolf Malm, Erling Bøhn, Magne Nesøen/Terje Tjernsli, Petter Brambani, Hans Petter Aasen/Per Erik Kise-Larsen (treblåsarar), Bernt Anker Steen, Christian Beck, Geir Hauger/Finn Eriksen (trompet), Jens Wendelboe/Dag Eriksen, Olav Rønnow/Harald Halvorsen (basun), Odd Ulleberg/Petter Vabog, Aksel Strøm/Joar Jensen, Kjell Erik Arnesen (horn), Svein Johann Ose (gitar), Kari Stokke (piano), Einar Iversen (synthesizer), Knut Guettler/Per Løberg (bass) og Gunnar Aas, John Svensen/Morten Belstad/Geir Alnæs (slagverk).

Teaterforlag: Nordiska Teaterförlaget/Edition Wilhelm Hansen  
Programredaksjon: Halldis Hoaa  
Foto: Frits Solvang  
Programdesign: Heltberg a.s





*Anne-Lise Gjøl og Andreas Kolstad.*



*Iselin Alme og Øystein Wiik.*



*Svenn Berglund, Hans Hellebostad, Jack Hansen og Richard Brunæs.*




## WEST SIDE STORY...

vart første gongen spela 26. september 1957 i New York. Sidan førre gongen framsyninga stod på plakaten her hos oss, har vesle Noreg endeleg fått eit musikkleksikon (Cappelen 1980). Vi har gått for å sjå kva som blir sagt på eksperthald om opphavsmennene til «West Side Story». Ettersom det er *ein* feil ved dette framifrå verket – det er på riksmål! – har vi sakså og sett om:

ROBBINS, JEROME, amerikansk dansar, koreograf, ballettleiar og regissør (fødd 11/10-1918). Stu-

derte klassisk ballett og spansk, orientalsk og fridans ved sida av resitasjon, klaver og fiolin. I 1937 debuterte han som skodespelar ved Yiddish Art Theatre og som dansar ved Dance Center i New York, han var i 1938–40 med i musicals på Broadway og vart i 1940 engasjert ved det nyopna American Ballet Theatre (solist frå 1941). Han dansa m.a. i Fokines «Bluebeard» (1941) og Tudors «Romeo and Juliet» (1943), og var ein av dei fremste karakterdansarane i ensemblet. Han debu-



Terje Bjørkvold, Per Arne Skar, Andreas Kolstad, Bjørn Olav Berg og Håvard Engell.



terte som koreograf i 1944 med «Fancy free» (musikk: Leonard Bernstein), som stadig står på repertoaret i ensemblet og same året vart utvida til musical: «On the Town». Frå 1949–59 var Robbins nestleiar for New York City Ballet og ei tid ein av dei leiande dansarane der. I 1958 danna han si eiga gruppe, «Ballets: USA», som debuterte i Spoleto same året og eksisterte fram til 1961. Grappa hadde stor suksess med Europa-turneane sine. I 1965 skapte Robbins eit av dei fremste verka

sine, «Les Noces» (musikk av Stravinsky), for American Ballet Theatre. I 1969 vende han attende til New York City Ballet.

Frå «On the Town» og fram til 1968 var Robbins den fremste musical-koreografen og -iscenesetjaren i USA. Han er ein av dei største dette hundreåret har fostra. Mest vidkjend er «West Side Story» frå 1957. Han har arbeidd i ei rad ulike stilar, både den reint klassiske og ein ny fri stil med innslag av jazz og moderne teknikk, ein stil Robbins har skapt



*Oystein Wiik og Iselin Alme.*





*Kari Hæg, Wenche Lund Venaas, Trini Lund og Marit Kolbræk.*







som blir kopiert over heile verda. Han arbeider både med forteljande verk og med verk utan handling, med abstrakte, stemningsladde verk, burleske og romantiske. Ikkje ein Robbins-ballett er lik ein annan. Som regissør har han heva musicalen opp til seriøs teaterkunst, og på ein svært effektiv måte bunde saman song og dans til ein dramatisk heilskap med sterk, dynamisk puls.

SONDHEIM, STEPHEN, amerikansk musicalkomponist og tekstforfattar (fødd 22/3-1930). Studerte komposisjon ved Williams College i New York og hadde som ung Oscar Hammerstein II som læremeister i kunsten å skrive musikkteater. Hadde sin første suksess som tekstforfattar i «West Side Story». Debuterte som musicalkomponist med «A funny thing happened on the way to the Forum» (1962), som bygde på ein farse frå det antikke Roma. Av seinare musicals med musikk og songtekster signerte Sondheim, bør særleg nemnast «Company» (1970) og «A little night music» (1973) – den siste bygd på Ingmar Bergmans film «Sommar nattens leende». Begge er typiske for Sondheims kjølege, intellektuelle og sofistiskerte stil.

BERNSTEIN, LEONARD, amerikansk dirigent og komponist (fødd 25/8-1918). Han byrja å utvikle dei musikalske evnene sine frå 10-årsalderen – da fekk familien eit klaver. Faren – ein russisk-jødisk emigrant – likte ikkje dei musikalske ambisjonane. Den jødiske bakgrunnen kjem likevel til uttrykk i fleire av Bernstein's komposisjonar.

Bernstein er truleg den første internasjonalt kjende musikaren som har fått heile utdanninga si i USA. Han gjekk ut frå Harvard i 1939, frå Curtis Institute i 1941. Bernstein var interessert i litteratur – og dette avspeglar seg i komposisjo-

nane. Dei går ofte ut frå tekster eller eit slags program. Han seier sjølv: «Eg har ein sterk mistanke om at alt eg skriv, same kva for medium eg skriv for, i røynda er teatermusikk på ein eller annan måte.»

Bernstein vart assistentdirigent ved New York City Philharmonic i 1943, og hadde 13. november same året ein sensasjonell debut som «stand in» for Bruno Walter. Frå 1958–68 var han musikalsk leiar for dette orkestret. Han oppførte ofte notidsmusikk med vekt på den såkalla franske skolen. Han har vist store evner som pedagog – m.a. på universitet, i TV-program og gjennom «Young People's Concerts». Han har gjesta Europa fleire gonger som dirigent. Bernstein er ein av dei få komponistane som kjenner seg like heime i musicalteatret som i konsertsalen. Han arbeider innanfor ramma av tonaliteten, som etter hans meining er «innebygd i den menneskelege organismen». Rytmen er eit spesielt slåande element i Bernstein's musikk – han liker synkopar, polyrytmikk og asymmetriske taktartar i langsame og raske tempi.

I 1951–52 laga han einaktsoperaen «Trouble in Tahiti», ein satire over forstaden. Balletten «Fancy free» vart etter kvart musicalen «On the Town». Seinare kom balletten «Facsimile». Han skreiv musikken til filmen «On the Waterfront» – Marlon Brandos gjennombrøt. Han har komponert tre symfoniar – «Jeremiah», «The Age of Anxiety» og «Kaddish». Både i musikken og elles gir han uttrykk for sterkt engasjement i den uro notidsmennesket føler.

Bernstein har ein utruleg energi og arbeider visstnok best når det blir stilt store krav til han. Musicalen «Wonderful Town» vart til på ein månad. «West Side Story» og «Candide» vart komponerte samstundes.



Mangesidig og original som han er, er han blitt kjend og respektert over heile verda. Somme kritikarar meiner han burde halde seg til konsertsalen, konsentrere seg om eitt felt. Men om han hadde følgt dette rådet, ville han ikkje lenger vore seg sjølv.

LAURENTS, ARTHUR, amerikansk dramatikar (fødd 14/7-1918). Blir ikkje omtala i norske musikk-

leksika eller liknande verk, men likevell! Han har skriva både romanar og filmmanus, men er først og fremst dramatikar og instruktør. Dei mest kjende skodespela hans kom i åra rett etter krigen – «Home of the Brave» (1945) og «The Time of the Cuckoo» (1952). Som tekstan-svarleg for musicals har han signert to store suksessar – «West Side Story» og «Gypsy».



*Tone Ringen og Øystein Wiik.*



*Larry Kert og Carol Lawrence i originaloppsetjinga på Winter Garden i 1957.*



# MUSICALTEATRET I STORTINGSGATA ...

... det er eitt av mange klengenamn Det Norske Teatret har fått gjennom tidene. Det har ikkje alltid vore like vakkert meint, det finst dei som synest musicalen berre er lettbeint underholdning – ikkje verdig repertoar for eit seriøst teater. Vi veljer å sjå på klengenamnet som ein ærefull tittel, eit prov på at vi har nådd eit mål: å perfektionere oss innanfor ei teaterform som etter vårt syn er krevjande, inspirerande, folkeleg og – sjølv sagt – underholdande.

Opphavslandet til den moderne musicalen er USA – somme seier det einaste verkeleg originale bidraget til teatersoga frå denne delen av verda. Det finst fleire slags røter – frå wieneroperettene over syngjespel, revy og varieté. Skilnaden mellom dei eldre syngjespela og vår tids musical ligg først og fremst i dette: tidlegare kom song og dans som særskilde nummer, utanfor eller på sida av sjølve handlinga. Som nummer gav dei uttrykk for kjensler og opplevingar som teksta fortalde om elles òg. I ein musical er song og dans integrerte element i handlingsgangen – innhaldet i ei vise driv handlinga framover, dansane likeins. Den dramaturgiske oppbyg-

ginga nyttar desse elementa på lik line med teksta elles når det gjeld å formidle innhald, mening. Ut frå denne definisjonen er det vanleg å tidfeste «fødselen» for den moderne musical til premieren på «Oklahoma!» av Rodgers og Hammerstein i 1943 (spela på Det Norske Teatret i 1949).

På stutt tid erobra musicalen eit stort og entusiastisk publikum – ikkje berre i USA, feberen spreidde seg raskt i Vest-Europa. Ei ny folkeleg teaterform var fødd, samstundes vart musicalen vår tids «gesamtheater», der alle dei utøvande kunststartane vart tekne i bruk: musikk, song, spel, dans.

Det Norske Teatret lukta på dette nye teatret fleire gonger i åra etter krigen. Vendepunktet kom likevel først i 1960-åra. I 1963 skapte Finn Ludt ein musikalsk «Trost i taklampa», og teatret sikra seg ei populær songstjerne som Gunvor Smikkstugun – Sølvi Wang. Mannen hennar, Egil Monn-Iversen, tok hand om orkestret. Andre framifrå songarar var allereie på plass i ensemblet – ein Lasse Kolstad, ei Ingebjørg Sem. Vi var på veg.

Tormod Skagestad hadde ein






Sølvi Wang og Rikki Septimus  
som Anita og Bernardo.



Anne Nyborg som Maria og  
Per Asplin som Tony.



Ola B. Johannessen og Rikki Septimus  
som Riff og Bernardo under oppgjeret.

usvikeleg sikker nase for det nye og spennande i tida. Han såg at her låg kimen til eit sant folketeater, eit nytt og breiare publikumsgrunnlag. Målmedvite gjekk han i gang med å byggje opp ekspertise på dette feltet. Rikki Septimus hadde gjeста Oslo våren 1962 som Bernardo i den engelske oppsetjinga av «West Side Story». Skagestad inviterte han til Det Norske Teatret for å skape ein norsk «West Side Story» i Stortingsgata. Halslaus gjerning, meinte skeptikarane – og dei var i fleirtal. Korleis i all verda skulle ein kunne omplante rasemotsetnader og storbymiljø frå sjølvaste New York til nynorskscenen? Ungdom frå slummen der borte kunne no aldri tale busserullmål og knote i-endingar og annan styggedom? Omsetjinga var inga enkel oppgåve – sant nok. Men teatret hadde ein språkleg trollmann i bakhanda – Hartvig Kiran. Musikkalsk, fantasifull, frodig. Dei unge på teatret arbeidde mest døgnet rundt – fleire nye krefter vart henta inn frå gata og gjekk i trening. Det var dristig satsing. Men Leonard Bernsteins musikk var i Monn-Iversens trygge hender, Rikki Septimus hadde koreografien til Jerome Robbins i blodet.


Månader med «blod, sveitte og tårer» førte til siger. Skeptikarane måtte berre gi seg over. Den tronge scenen i gamle Casino myldra av pulserande storbyliv, den gamle saga om Romeo og Julie fekk ny aktualitet, nytt innhald – og tok tak i hjarterøtene på gammal og ung, som alltid. Ei ny tidsrekning starta på Det Norske Teatret – før og etter «West Side».

Men teatret kvilte ikkje på suksessen. Rikki Septimus kom att med «Kongen og eg» og «Vi to! Vi to!». Nye publikumsrekordar kom med «Spelemann på taket» – Lasse Kolstad og Sølvi Wang vann siger på siger som ektepar, på scenen! «Man-





*Brit Elisabeth Haagensli, Kari Hæg, Wenche Lund Venaas, Trini Lund og Marit Kolbræk.*



*Magne Lindholm, Per Arne Skar, Ruth Fasting, Terje Bjørkvold (nesten gøynd), Nils Bernt Olsen og Svein Tindberg.*



nen frå La Mancha» gav oss ein Sancho Panza vi aldri gløymer – Rolf Just Nilsen. Rikki kom attende som instruktør for «Zorba» – med Lasse Kolstad i tittelrolla. Fenomenet vår musical var trygt etablert i Stortingsgata – og gav inntekter som kom godt med i arbeidet med anna repertoar.

Heile denne lange rekkja med suksessar skapte ekspertise på teatret – slik Skagestad hadde planlagt. Fast tilsette musikarar og dansarar er ein viktig del av dette biletet, samt skolerte songarar som samstundes er skodespelarar. Etter kvart kom kjensla av at ein kanskje kunne satse heilt norsk, at læreåra var omme.

Den skapande åra i USA syntest å tørke inn, dei gode, gamle radarpara var ikkje så unge lenger, den nye musikken var annleis, hardare. Tanken om å skape ein norsk musikkspelartradisjon mogna. Det sa seg sjølv kven som kunne komponere – Egil Monn-Iversen. Han allierte seg med ein manusforfattar som var utdanna dramatikar frå USA – Harald Tusberg! Nye legendariske suksessar vart resultatet, nye publikumsrekordar: «Bør Børson jr.» med ein sprudlande velopplagt Rolv Wesenlund i tittelrolla, «Ungen» med Britt Langlie som ei gripande Milja. Førebels sist i rekkja «Jeppe», der Tormod Skagestad var manusansvarleg og Rolf Just Nilsen og Rolv Wesenlund alternerte i hovudrolla.

Stadig trongare økonomi på teatra mot slutten av 70-åra gjorde det vanskeleg å satse på den store og ressurskrevjande musicalforma. Framleis kom ikkje noko nytt og spennande frå opphavlandet USA. I ein periode satsa teatret på enklare, meir kabaret-prega oppsetjingar – til dømes Prøysen-revyen «Kjæm du ikveld» og Taube-kabareten «Så lenge skuta kan gå». Publikum tok

godt imot desse framsyningane og – men etter kvart voks trongen til å prøve krefter med den store forma igjen. Etter mange og lange diskusjonar fall valet på den musicalen som mange meiner er den beste av dei alle – «West Side Story».


Nye generasjonar har vakse opp etter 1965. Problemstillingar som kanskje var framande den gongen har rykt oss inn på livet – kampar mellom ungdomsgjengar, kniving mellom framandarbeidarar og norsk ungdom – utviklinga har tatt igjen teatret. Historia er evig aktuell, musikken til Leonard Bernstein like fengjande. Og den fremste instruktøren innanfor musikkteatret i seinare år – Runar Borge – stod klar til å kaste seg ut i det. Lik Robbins er han sjølv opphavleg dansar.

Skepsis møtte ein denne gongen òg – gamle suksessar har ein eigen glans i minnet, det skal mykje til for å nå opp. Men det har ikkje vanta på entusiasme og arbeidsglede. Ver så god – resultatet tilhøyrer publikum.





*Tone Ringen og Marit Kolbræk.*




*Andreas Kolstad, Magne Lindholm, Øystein Wiik, Håvard Engell, Per Arne Skar, Jack Hansen, Terje Bjørkvold og Nils Bernt Olsen*










*Øystein Wiik.*



*Svenn Berglund, Einar Wøhni, Richard Brunæs, Jack Hansen, Andreas Kolstad, Bjørn Olav Berg, Håvard Engell og Nils Bernt Olsen.*



Handlinga i «West Side Story» går føre seg på seinsommaren på vestsida av Manhattan i New York City.

FORSPEL – månadene før

1. AKT:

17.00 Gata  
17.30 Eit gardsrom  
18.00 Systova  
22.00 Klubben  
23.00 Eit smau  
Midnatt Kaféen

Dagen etter

17.30 Systova  
18–21 Grannelaget  
21.00 Under motorvegen

Songar:

Forspel – dansa av Jetane og Haiane  
Jetsongen – Riff og Jetane  
«Kven veit» – Tony  
Klubben – Jetane og Haiane  
«Maria» – Tony  
«I kveld» – Tony og Maria  
«Amerika» – Anita, Rosalia og Haiane  
«Ver kald» – Riff og Jetane  
«Ein hug, ei hand» – Tony og Maria  
«I natt» – ensemblet  
Oppgjeret – dansa av Riff, Bernardo, Jetane og Haiane

2. AKT:


21.15 Romet til Maria  
22.00 Eit anna smau  
23.30 Romet til Maria  
23.40 Kaféen  
Midnatt Gata

Songar:

«Eg er yndig» – Maria, Rosalia, Consuelo og Francisca  
«Finst eit rom for oss» – Velma  
«Hei, konstabel Krupke» – Action og Jetane  
«Ein kar som han» – Anita og Maria  
«Ein har eg kjær» – Anita og Maria  
Overfallet – Anita og Jetane  
Finale – ensemblet



West side story



21g013338

*Det Norske Teatret*